# Ingen storm

Bjarne Stølen/
Haldis Reigstad 2019




Ingen stein som ikkje Gud kan velta,
inga natt som ikkje han veit om.
Gjennom alle stormane i livet
strålar lyset frå Guds herlegdom.
Ved den tomme grava stilnar gråten
der møter han oss, han som siger vann.
Himmelsola frå Guds påskemorgon,
med liv og varme over grava rann

Ingen veg som ikkje Gud kan opna,
lyset strålar klart frå Jesu kross.
Alle dagar, heilt til vi er framme
vil den gode hyrding leia oss.
Jublande vi løfter våre hender
til han som syndebøra for oss bar.
Den som trur, skal ikkje døy, men leva
vi er på vandring heim til Gud vår Far.